

# **Statistikk for UB UiT**

---

## **2018**

## Innhald

1	BAKGRUNN .....	4
2	PERSONALE OG ØKONOMI .....	5
2.1	Personale .....	5
2.1.1.1	Årsverk .....	5
2.1.2	Kvinnedel .....	6
2.1.3	Sjukefråvær .....	6
2.2	Økonomi .....	7
2.2.1	Samandrag – nøkkeltal mm. ....	7
2.2.2	Rekneskapstal .....	9
2.2.2.1	UBs utgifter til lønn & drift, husleige og litteratur .....	9
2.2.2.2	Utvikling av UBs løyving til innkjøp av litteratur .....	9
2.2.2.3	UiTs fordeling av midlane - del av UiTs løyving som går til UB .....	10
2.2.3	Litteraturbudsjettet .....	10
3	BESTAND OG TILVEKST .....	12
3.1	Bøker .....	12
3.2	Tidsskrift .....	12
4	BRUK .....	14
4.1	Det fysiske biblioteket .....	14
4.1.1	Besøk i biblioteket .....	14
4.1.2	Brukarplassar .....	15
4.1.3	Tverrgående trafikk .....	16
4.2	Nettsider .....	16
4.2.1	UBs nettsider .....	16
4.2.2	Oria/Biblioteksøk .....	16
4.3	Sosiale medium .....	17
4.4	Bruk av dei fysiske samlingane .....	18
4.4.1	Utlån .....	18
4.4.2	Fjernlån .....	19
4.4.3	Innlån .....	20
4.5	Bruk av dei elektroniske samlingane .....	22
4.5.1	Fulltekst- og multimediedatabasar .....	22
4.5.2	Andre databasar .....	23
5	FAGLEG AKTIVITET .....	24

5.1	Opplæring.....	24
5.1.1	Undervisning.....	24
5.1.2	Nettkurs.....	25
5.1.3	Result.....	26
5.2	Publisering og formidling .....	27
5.3	Open vitenskap («Open Science») .....	27
5.3.1	Publiseringsfondet.....	27
5.3.2	Open Access .....	28
5.3.3	Munin .....	29
5.3.4	Septentrio.....	29
5.3.5	Munin-konferansen .....	30
5.3.6	UiT Open Research Data.....	31

## 1 BAKGRUNN

Denne rapporten gjev ei kvantitativ oversikt over ressurstilbod, aktivitetar og resultat på Universitetsbiblioteket (UB) ved UiT Noregs arktiske universitet (UiT), og skal vera eit vedtaksgrunnlag internt.

Rapporten gjeld for 2018 og – der det er mogleg – inntil ti år tilbake i tid. Vi kallar her dette tidsrommet for statistikkperioden. I statistikkperioden har UB gått igjennom fleire samanslåingar. I 2009 blei UiT slege saman med Høgskolen i Tromsø, og UB blei utvida med Lærarutdanningsbiblioteket og Ingeniør- og samtidskunstabiblioteket. I 2013 blei UiT fusjonert med Høgskolen i Finnmark, og UB blei utvida med Altabiblioteket og Hammerfestbiblioteket. Same året blei òg Ressurssenter for undervisning, læring og teknologi (Result) ein del av UB. I 2015 blei UiT slege saman med Høgskolen i Harstad og Høgskolen i Narvik, og året etter, i 2016, blei derfor Harstadbiblioteket og Narvikbiblioteket ein del av UB.

Rapporten er basert på ei rekkje ulike kjelder. Fleire av områda som er dekte i rapporten, har UB ikkje ført statistikk på tidlegare, og kvaliteten på datagrunnlaget varierer. På nokre område er det operert med delvise og/eller estimerte tal. Det er spesifisert i dei enkelte avsnitta. Statistikkarbeidet på UB er framleis under oppbygging. På lengre sikt satsar vi på å ha eit fullgodt datagrunnlag for alle dei dekte områda, og å kunna gå meir i djupna på nokre område.

Rapporten gjev ikkje eit utfyllande bilete av all verksemd ved det samla Universitetsbiblioteket, og aktivitetar som utviklingsarbeid, sakshandsaming, forskning og formidling er ikkje fullt ut dekt av rapporten.


## 2 PERSONALE OG ØKONOMI

### 2.1 Personale

#### 2.1.1.1 Årsverk

Personalet på UB auka jamt frå 2009 til 2018, som vist i figur 1 og tabell 1. Auken skuldast i hovudsak fusjonar med andre institusjonar (HiTø, HiF, HiH, HiN) og Result. Arbeidsstokken på UB utgjorde totalt 109,62 årsverk i 2018. Brorparten (77 %) av dei tilsette jobbar i administrative stillingar (leiing, støtte + administrasjon). Resten (23 %) er vitenskaplege stillingar. Veksten på administrative stillingar i 2018 skuldast i hovudsak at det i ein del tidligare bibliotekarstillingar er gjort tilsetjingar i stillingskode førstekonsulent/rådgjevar. I praksis er dette framleis faglege støttestillingar.

Figur 1: Tal på årsverk per stillingsgruppe 2009-2018



Tabell 1: Tal på årsverk per stillingsgruppe 2009-2018

Stillingsgruppe	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Leiing <sup>1</sup>	6	6	6	6	7	5	7	6	6	6
Vitenskapleg <sup>2</sup>	14,8	14,3	14,6	12,6	19	25,21	25,2	26,8	24,3	25,6
Støtte <sup>3</sup>	38,7	38,67	38,77	41,9	42,2	39,1	43,3	47,4	49,4	45,8
Administrasjon <sup>4</sup>	6,3	9,6	12,07	13,57	21,77	20,54	26,32	26,27	26,92	32,52
<b>Totalt</b>	<b>65,8</b>	<b>68,57</b>	<b>71,44</b>	<b>74,07</b>	<b>89,97</b>	<b>89,85</b>	<b>101,82</b>	<b>106,47</b>	<b>106,62</b>	<b>109,62</b>

(Kjelde: DBH)

<sup>1</sup> Inneheld desse stillingane: Avdelingsdirektør, Avdelingsleiar, Instituttleiar, Seksjonssjef, Sjefingeniør, Underdirektør.

<sup>2</sup> Inneheld desse stillingane: Dosent, Førsteamanuensis, Førstebibliotekar, Førstelektor, Postdoktor, Professor, Professor II, Stipendiat, Universitetsbibliotekar, Universitetslektor, Vitenskapleg assistent.


<sup>3</sup> Inneheld desse stillingane: Avdelingsingeniør, Bibliotekar, Hovudbibliotekar, Kontraktlønt, Overingeniør, Senioringeniør, Spesialbibliotekar.

<sup>4</sup> Inneheld desse stillingane: Fullmektig, Førstekonsulent, Førstesekretær, Konsulent, Prosjektleiar, Rådgjevar, Sekretær, Seniorkonsulent, Seniorrådgjevar.

### 2.1.2 Kvinnedel

Figur 2 viser kor stor del i prosent kvinner utgjør av den totale arbeidsstokken. Tala er baserte på årsverk.


Figur 2: Kvinnedel i prosent (basert på årsverk)



(Kjelde: DBH)

### 2.1.3 Sjukefråvær

Figur 3: Sjukefråvær i %, gruppert etter fråværslengd



(Kjelde: Paga)

## 2.2 Økonomi

### 2.2.1 Samandrag – nøkkeltal mm.

Tabell 2: Samandrag – nøkkeltal

	2007	2010	2015	2016	2017	2018	
Total budsjettramme, litteratur + lønn/drift (1000 kr)	82 253	104 429	108 227	115 188	123 908	126 996	[1]
Av dette budsjettet til lønn & drift (1000 kr)	62 640	66 271	62 336	64 873	70 408	72 076	[2]
Tal på årsverk ved UB, inkl. Result f. 2013 og HiH, HiN f.2016	68,5	77,4	106,6	113,8	106,62	109,62	[3]
Tal på årsverk ved UiT Noregs arktiske universitet	1 981	2 475	3 083	3 444	3 487	3 511	[4]
Utgifter til litteratur, spes. formål og felleslitteratur (budsjett, 1000 kr)	31 500	38 160	50 131	50 318	53 500	56 400	[5]
UBs del av UiTs totale midlar til fordeling	5,00 %	4,40 %	4,50 %	4,00 %	3,60 %	4,40 %	

Kjelder:

[1] ePhorte

[2] ePhorte


[3] DBH

[4] UiT nøkkeltal

[5] ePhorte


Nedanfor følger tre nasjonale indikatorar for eit utval av UH-bibliotek i Noreg. Tal for 2018 var ikkje tilgjengelege i skrivande stund. For 2015 er tal for Nord universitet sette saman av tal for Universitetet i Nordland og Nord universitet.

Figur 4: Primærbrukarar per bibliotekårsverk




(Kjelde: DBH/NB)

Figur 5: Utlån og nedlasting per primærbrukar



(Kjelde: DBH/NB)

Figur 6: Innkjøpskostnad per primærbrukar




(Kjelde: DBH/NB)



## 2.2.2 Rekneskapstal

### 2.2.2.1 UBs utgifter til lønn & drift, husleige og litteratur


Figur 7: Rekneskapstal for UB 2009-2018 (1000 kr.)



### 2.2.2.2 Utvikling av UBs løyving til innkjøp av litteratur

I perioden 2009-2018 blei litteraturbudsjettet kompensert for lønns- og prisstigning med ein gjennomsnittleg årleg auke av nominell verdi på 4,7 %. Når ein tek omsyn til den gjennomsnittlege utanlandske prisstigninga (basert på USD) på om lag 2,3 % per år i tillegg til at dollarkursen har stige med gjennomsnittleg 3,3 % per år i same perioden, så har realverdien berre auka med gjennomsnittleg 0,1 % per år. Sett over heile perioden i eitt har altså realverdien til litteraturløyvingane i praksis stått på staden kvil dei siste ti åra. Stoda er illustrert i figur 8. Som den stipla trendlina i figuren viser, er tendensen til realverdien jamvel fallande.


Figur 8: Utvikling av nominal- og realverdi av litteraturløyvingar 2009-2018



(Kjelder: ePhorte, Library Journal Periodicals Price Survey, Noregs Bank)

### 2.2.2.3 UiTs fordeling av midlane - del av UiTs løyving som går til UB

Figur 9: Prosentvis del av UiTs løyving som går til UB




### 2.2.3 Litteraturbudsjettet

Dei følgjande tre figurane viser korleis litteraturbudsjettet var fordelt i 2018 jamført med 2017.


Figur 10 viser korleis litteraturbudsjettet fordelte seg mellom tidsskrift og bøker.

Figur 10: Litteraturbudsjett fordelt mellom tidsskrift og bøker




Figur 11 viser korleis bokbudsjettet var fordelt på dei ulike vitskapsdisiplinane.

Figur 11: Bokbudsjett per vitkapsdisiplin



Figur 12 viser korleis tidsskriftsbudsjettet var fordelt på dei ulike vitkapsdisiplinane.

Figur 12: Tidsskriftsbudsjett per vitkapsdisiplin



Oversiktene viser mellom anna at det jamt over er slik at litteratur innanfor humaniora kostar mindre enn litteratur innanfor andre fag.

### 3 BESTAND OG TILVEKST

I dette kapittelet ser vi på korleis bok- og tidsskriftsbestanden til biblioteket har utvikla seg. Vi skil mellom trykte (p = papir) og elektroniske (e) ressursar.


#### 3.1 Bøker

Tabell 3 og figur 13 viser utviklinga av bokbestanden i tal på eksemplar. Dei stipla linene i figuren viser lineær trend. Frå 2017 inkluderer e-bokbestanden berre bøker som UB eig. Bøker som ikkje er kjøpte enno, men som er tilgjengelege for brukarane gjennom såkalla brukarstyrte pakkar, er altså ikkje med lenger i oversikta frå 2017. Svingingane i e-bokbestanden mellom 2013 og 2017 skuldast aktivering og utskifting av brukarstyrte pakkar. Medan e-bokbestanden har hatt klart aukande tendens i statistikkperioden, har papirbokbestanden flata ut. Oppgangen av e-bestanden er eit utslag av at UB allereie i 2011 vedtok å velja elektroniske framfor trykte bøker der det var mogleg. Etter lineær framskriving vil e-bokbestanden gå forbi p-bokbestanden i 2027.

Tabell 3: Bokbestand (eksemplar)

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Papir	772 237	751 625	771 221	781 284	763 411	745 537	754 445	779 620	786 010	787 481
Elektronisk	304 173	318 589	399 743	425 478	474 439	517 336	536 281	452 609	430 018	648 616
<b>Totalt</b>	<b>1 076 410</b>	<b>1 070 214</b>	<b>1 170 964</b>	<b>1 206 762</b>	<b>1 237 850</b>	<b>1 262 873</b>	<b>1 290 726</b>	<b>1 232 229</b>	<b>1 216 028</b>	<b>1 436 097</b>

Figur 13: Bokbestand (eksemplar)



#### 3.2 Tidsskrift


Tabell 4 og figur 14 viser utviklinga av tidsskriftbestanden i tal på titlar. Kvart tidsskrift er her altså berre talt éin gong same kor mange abonnement/behaldningar UB har. Vi har dessverre ikkje pålitelege tal på tidsskrift for tida før 2016. Når det gjeld p-tidsskrift, følgjer vi her FFB-statistikken (Fag- og forskningsbibliotek) og rapporterer frå 2018 berre titlar med aktive abonnement. Dette for å gjera p- og e-tidsskrift meir jamførbare i statistikken. Denne endringa forklarar også stupet frå 2017 til 2018. Dei stipla

linene i figuren viser lineær trend. Allereie i 1999 vedtok UB å velja elektroniske framfor trykte tidsskrift der det var mogleg. Som ein konsekvens har bestanden av papirtidsskrift flata ut dei siste åra, medan UB lenge har hatt fleire e-tidsskrift enn p-tidsskrift. Også i dei siste tre åra har e-tidsskrift hatt ein jamn oppgang.

Tabell 4: Tidsskriftbestand (titlar)

	2016	2017	2018
Papir	5 167	4 539	992
Elektronisk	18 221	20 970	22 499
<b>Totalt</b>	<b>23 388</b>	<b>25 509</b>	<b>23 491</b>

Figur 14: Tidsskriftbestand (titlar)



## 4 BRUK


### 4.1 Det fysiske biblioteket



#### 4.1.1 Besøk i biblioteket

Figur 15 viser besøkstal per måned på dei ulike utlånsstadene. For å gjera figuren betre lesbar er utlånsstadene grupperte etter storleik. I tidlegare år har besøkstala vore nokså usikre ettersom det har vore mykje feil med besøksteljarane på enkelte av utlånsstadene. Dei fleste utlånsstadene på UB fekk nye besøksteljarar i slutten av 2017. Dessverre var fleire av dei nye teljarane råka av tekniske problem over lengre periodar i 2018. Besøket på utlånsstader der besøksteljarane ikkje fungerte heile året, er i figuren berre representerte med tal frå dei månadene der teljarane var aktiverte heile månaden. Det totale besøkstalet frå alle utlånsstadene er derfor ikkje representativt.

Vidare er det slik at også når dei nye teljarane er aktive, så har besøksteljinga ein del feilkjelder: For det første er teljinga til dels unøyaktig, særleg når fleire besøkjande passerer teljaren samtidig. For det andre er dei to teljarane på Kultur- og samfunnsfagbiblioteket (KS) plasserte slik at dei tel som besøk også brukarar som kjem inn hovudinngangen og går rett ned i Stornhallen eller til UB-auditoriet, men ikkje inn i sjølve biblioteket. Derfor er besøket på KS truleg noko overrapportert.

Figur 15: Besøkstal per måned i 2018






#### 4.1.2 Brukarplassar

UB tilbyr per 31.12.2018 i alt 1 518 brukarplassar. Det er to plassar meir enn i 2017. Figur 16 viser korleis brukarplassane fordeler seg på dei ulike utlansstadene.

Figur 16: Tal på brukarplassar på dei ulike utlânsstadene i 2018



#### 4.1.3 Tverrgående trafikk

Hausten 2018 blei det gjennomført ei såkalla tverrgående trafikktejing (TTT) på KS-biblioteket. Det var fleire grunnar til at ein ønskte å gjennomføra ei slik teljing på KS. Det er viktig å kartleggja korleis biblioteket blir brukt av dei som oppheld seg der over ein lengre periode av dagen. Spørsmål vi ønskjer svar på er t.d. kva område/brukarplassar som er hyppigast nytta, og om studentane føretrekkjer å sitja saman eller åleine. Det er stort behov for ei større oppussing av resten av KS-biblioteket, og resultata frå TTT vil vera eit viktig hjelpemiddel i planlegginga av utforminga av brukarplassar og eventuelle grupperom. Resultata frå TTT vil bli presenterte i ein eigen rapport.

## 4.2 Nettsider

### 4.2.1 UBs nettsider

UBs nettsider<sup>5</sup> hadde 2 840 592 sidevisningar i 2018. Talet inkluderer ikkje bruk av Oria/Biblioteksøk, som er omtalt i neste avsnittet. Talet er noko usikkert pga. mogleg robottrafikk. Samtidig har vi per i dag ikkje fullgod bruksstatistikk for fleire andre nettsider som UB har ansvar for, t.d. dei som ligg under domenet site.uit.no. Vi har dessverre heller ikkje statistikk på bruken av UB sine sider som ligg under det engelskspråklege domenet til UiT (en.uit.no).

Vi held på å kartleggja bruken av nettsidene til UB meir systematisk for å kunna gje ein grundigare analyse i seinare statistikkrapportar. Nettbruksstatistikken vil då òg kunna brukast som grunnlag for å optimera nettsidene våre.

### 4.2.2 Oria/Biblioteksøk

Tabell 5 viser tal på besøk (sidevisningar) og søk i Oria/Biblioteksøk.

<sup>5</sup> Her inngår uit.no/ub, result.uit.no, munin.uit.no, septentrio.uit.no og andre sider på ub.uit.no.



Tabell 5: Besøk og søk i Oria/Biblioteksøk

	2014	2015	2016	2017	2018
Besøk		134 536	280 338	321 554	381 748
Enkelt søk	187 056	380 720	681 974	718 081	716 837
Avansert søk	14 538	32 850	47 359	46 129	56 393

Det nye søkjesystemet var i bruk i heile 2014 (parallelt med det gamle systemet), men det blei ikkje lansert før i november same året. Det forklarer den låge bruken i 2014.

### 4.3 Sosiale medium


UB er representert på fleire sosiale medieplattformer. Ved utgangen av 2018 hadde UB si Facebook-gruppe 1 680 følgjarar, på Twitter hadde UB 681 følgjarar, og på Instagram er det 480 brukarar som følgjer UB (per 23.04.2019). Hausten 2018 starta UB også med produksjon av podkasten Open Science Talk, som handlar om open vitskap. I 2018 blei det laga i alt 11 episodar, og dei blei spelte av 2 361 gonger.

## 4.4 Bruk av dei fysiske samlingane

### 4.4.1 Utlån

Figur 17 viser utviklinga av tal på utlån av fysisk materiale frå eiga samling. Dei siste ti åra har det årlege utlånet lege på mellom om lag 84 000 og 100 000. Som den stipla lina i figuren indikerer, så har tendensen over heile statistikkperioden vore fallande. Dette trass i at UB har fått fleire utlånsstader pga. fusjonar.

Figur 17: Utlån 2009-2018



Tabell 6 viser korleis utlånet fordeler seg på dei ulike utlånsstadene. 2016-tala for Harstad og Narvik er noko usikre pga. samanslåing av biblioteksystemet.

Tabell 6: Utlån 2009-2018 per utlånsstad

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	%
Alta					3 627	13 591	12 599	10 403	10 177	10000	74
Hammerfest					759	3 250	3 648	2 840	3 048	2516	77
Harstad								9 644	9 110	9168	95
Ingeniør og samtidskunst	1 878	1 956	1 673	1 209	1 055	558					
Kultur og samfunn	57 879	52 665	42 582	43 544	39 972	35 247	33 557	24 346	23 157	23152	40
Kunstakademiet						111	103	68	218	144	130
Lærarutdanning	9 966	10 787	10 102	10 022	9 893	10 503	9 990	8 982	9 326	9196	92
Museum	4 127	3 619	3 152	3 456	2 892	3 058	2 226	1 348	1 661	1129	27
Musikk	5 094	5 177	4 791	4 825	5 185	4 598	3 996	3 583	3 924	4001	79
Narvik								7 374	4 872	4327	89
Natur og helse	14 432	15 868	20 762	20 534	18 870	18 387	17 338	14 833	15 190	14293	99
Psykologi og jus	7 247	7 632	8 808	7 798	6 667	7 438	6 328	5 277	5 675	6716	93
<b>Totalt</b>	<b>100 623</b>	<b>97 704</b>	<b>91 870</b>	<b>91 388</b>	<b>88 920</b>	<b>96 741</b>	<b>89 785</b>	<b>79 618</b>	<b>86 358</b>	<b>84 642</b>	<b>84</b>

Sett på heile statistikkperioden viser alle utlånsstadene (tendens til) nedgang i utlånsstal. Ein viktig grunn til nedgangen er truleg den pågåande omlegginga frå fysiske til elektroniske fagressursar (sjå kapittel 3). Mest

utprega er nedgangen på Museumsbiblioteket, på Kultur- og samfunnsfagbiblioteket og på Natur- og helsebiblioteket. Noko av nedgangen frå 2015 til 2016 har si årsak i ei endring i måten interne lån blir handterte på i det nye biblioteksystemet (sjå kapittel 4.4.2 i UB-statistikkrapport for 2017). Utlånsstadene som betener dei klassiske profesjonsfaga (jf. Hammerfest og Lærarutdanningsbiblioteket) har hatt ei meir stabil utvikling. På desse faga står trykte ressursar (først og fremst pensumlitteratur) framleis sterkare enn på dei klassiske disiplinbaserte faga.


I tillegg til det som er gjort greie for ovanfor, er fysiske fagressursar i bruk også utan at det blir registrert noko utlån på dei. Det skjer t.d. ved at ressursar blir brukte eller kopierte i biblioteket.

#### 4.4.2 Fjernlån

Dette avsnittet handlar om fjernlån, dvs. fysisk materiale (mest bøker) som UB har lånt ut til andre bibliotek, og artikkel- og bokkapittelkopiar som UB har sendt til andre bibliotek gjennom fjernlånsordninga. Fjernlån som UB har teke imot frå andre bibliotek, kallast for innlån og er omtalt i neste avsnittet.

Figur 18 viser utviklinga av fjernlån i perioden 2009-2018. Fjernlånet har hatt ein markant nedgang i heile statistikkperioden. Dei siste ti åra er fjernlånet blitt meir enn halvert. Det dramatiske stupet i 2015 og 2016 skuldast stans i fjernlån og redusert fjernlån i samband med innføring av nytt biblioteksystem, og innkøyringsproblem med den nye fjernlånsløysinga.

Figur 18: Fjernlån 2009-2018




Tabell 7 viser tal på fjernlån per eigarbibliotek. Det er Kultur- og samfunnsfagbiblioteket som står for brorparten av fjernlånet. Før 2014 var godt over helvta av bøkene UB lånte ut på fjernlån, frå Kultur- og samfunnsfagbiblioteket. Frå 2014 har denne delen vore litt mindre enn halvparten.

Tabell 7: Fjernlån per eigarbibliotek 2009-2018

Eigarbibliotek	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Alta					326	2 174	2 125	720	715	759
Hammerfest					102	578	828	213	191	168
Harstad								195	318	272
Ingeniør og samtidskunst	200	246	330	228	159	57				
Kultur og samfunn	9 767	9 573	8 452	8 452	8 102	6 302	5 460	2 761	2 867	3 021
Kunstakademiet						26	21	23	14	12
Lærerutdanning	557	708	785	878	879	903	959	556	529	505
Museum	1 141	1 079	910	1 042	906	1 137	664	439	160	326
Musikk	105	56	102	64	62	57	71	57	40	70
Narvik							124	141	236	203
Natur og helse	1 524	1 480	1 594	1 635	1 284	1 456	1 740	652	597	634
Psykologi og jus	1 642	1 793	1 913	1 594	1 389	1 279	1 174	562	539	551
<b>Totalt</b>	<b>14 936</b>	<b>14 935</b>	<b>14 086</b>	<b>13 893</b>	<b>13 209</b>	<b>13 969</b>	<b>13 166</b>	<b>6 319</b>	<b>6 206</b>	<b>6 521</b>

Figur 19 viser tal på artikkel- eller bokkapittelkopiar som UB har sendt til andre bibliotek gjennom fjernlånsordninga. I likskap med fjernlånet av bøker viser også denne dokumentleveringstypen ein klart fallande tendens i statistikkperioden. Kopileveringa i 2018 utgjer nesten berre ein sjettedel av 2009-verdien.

Figur 19: Utsende kopiar 2009-2018




#### 4.4.3 Innlån

Innlån er fysisk materiale (mest bøker) som UB har lånt ifrå andre bibliotek, og artikkel- og bokkapittelkopiar som UB har mottekne ifrå andre bibliotek gjennom fjernlånsordninga.

Figur 20 viser utviklinga av innlån i perioden 2009-2018.


Figur 20: Innlån 2009-2018



I likskap med fjernlånet viser innlånet ein jamn nedgang etter 2009. Innlånet i 2018 utgjer berre ein snau femtedel av innlånet i 2009.

Figur 21 viser tal på mottekne artikkel- og bokkapittelkopiar. Også her ser vi ein klar nedgang, ifrå snautt 4 000 kopiar i 2008 til litt over 700 kopiar i 2017.

Figur 21: Mottekne kopiar 2009-2018



Nedgangen i både fjernlån og innlån har truleg fleire årsaker. Han kan for det første ha å gjera med den allmenne overgangen til elektroniske fagressursar. På den eine sida har UB fått tilgang til fleire elektroniske bøker og tidsskrift slik at behovet for innlån har gått ned. På den andre sida satsar også andre UB på elektronisk tilgang til fagressursar. Det finst per i dag inga utlånsordning for elektroniske fagressursar

mellom UH-bibliotek, og det inneber at UB i mindre grad kan få tak i ønskete ressursar via innlån. Ein annan faktor som kan ha bidrege til at talet på både fjernlån og innlån har gått ned er at vi har sett ei auka satsing på ope tilgjengelege fagressursar i dei siste ti-femten åra (sjå kapittel 5.3.2 om «Open Access»). Ei tredje årsak kan vera at elektroniske ressursar er meir synlege i det søkjesystemet Oria/Biblioteksøk, som blei innført i 2014. Systemet gjer det mogleg å søkja på både fysiske og elektroniske ressursar i eitt og same søkjegrensesnitt. For brukarar inneber det lettare tilgang til litteratur, og derfor har dei truleg mindre behov for å bestilla ressursar på fjernlån.


## 4.5 Bruk av dei elektroniske samlingane

UB har dessverre ikkje lange, pålitelege tidsseriar over bruk av elektroniske ressursar, korkje av elektroniske bøker eller tidsskrifter. Gamle tal på dette området er ei blanding av innhenta statistikk og enkle berekningar, og dei er derfor ikkje særleg eigna til å presentera utviklinga over tid. UB har som ambisjon å få oversikt over UBs samla bruk av elektroniske ressursar på sikt. Men vi er enno ikkje heilt i mål med dette arbeidet. I denne rapporten har vi derfor valt å visa dei tala som UiT har levert til den nasjonale FFB-statistikken dei siste tre åra. Her reknar vi berre med bruk av ressursar som biblioteket betaler for. Ressursar med open tilgang («Open Access») er omtalte i kap. 5.3.

### 4.5.1 Fulltekst- og multimediedatabasar

Fulltekst-/multimediedatabasar er samlingar av originaldokument, til dømes bøker, periodikum, rapportar, tidsskriftartiklar, musikaliar, kartografiske og grafiske dokument og AV-dokument, der heile eller vesentlege delar av dokumenta er tilgjengelege elektronisk. Figur 22 viser tal på søk og nedlastingar/straumar i desse databasane dei siste tre åra. Søk er definert som ei unik spørjing frå ein brukar til ein database, og blir registrert kvar gong eit søkjespørsmål blir sendt til serveren. Nedlasting/straum er definert som ei vellukka nedlasting/avspeling av eit elektronisk dokument til lagring, til visning på skjerm, lytting eller til skrivar.


Figur 22: Søk og nedlastingar/straumar i fulltekst- og multimediedatabasar



#### 4.5.2 Andre databasar

Andre databasar er til dømes referansedatabasar, bibliografiske databasar, oversikter/katalogar, leksikon, ordbøker, lovtekstar, finans- og statistikkdatabasar osb. Dette omfattar derimot ikkje bruk av eigen bibliotek katalog, som er omtalt i kap. 4.2.2. Figur 23 viser tal på søk og viste postar i desse databasane i 2016 og 2018 (vi manglar tal for 2017).

Figur 23: Søk og viste postar i andre databasar



## 5 FAGLEG AKTIVITET

### 5.1 Opplæring

UB gjev ulike former for opplæring gjennom undervisning, rettleiing og informasjon. Tabell 8 viser kor mange arbeidstimar UB har brukt på formalisert undervisning og rettleiing dei siste tre åra. I 2018 var det om lag 2 264 arbeidstimar. Det er ein auke på dryge 10 % frå 2017.


Tabell 8: Undervisning og rettleiing (arbeidstimar) 2016-2018

	2016	2017	2018
Undervisning (inkl. for- og etterarbeid)	1 419	1 863	2 100
Rettleiing	124	192	164
<b>Totalt</b>	<b>1 543</b>	<b>2 055</b>	<b>2 264</b>

#### 5.1.1 Undervisning

Med undervisning meiner vi her formalisert undervisning i form av avtalte og som regel også annonserte kurs. Figur 24 viser tal på kurs som UB har gjeve per år i perioden 2014-2018, fordelt på nivå på deltakarane. Dei låge tala for 2014 skuldast truleg feilrapportering. Vi skil mellom anna på nivå på deltakarane. Grunnivå omfattar bachelorstudentar og opne kurs. Avansert nivå omfattar master- og ph.d.-studentar og tilsette.


Figur 24: Tal på kurs 2014-2018



I figur 25 ser vi korleis undervisningstimane dei siste tre åra har fordelt seg gjennom året. Nesten to tredjedelar (65 %) av undervisningstimane blei gjennomførte i haustsemesteret, medan litt over ein tredjedel (35 %) blei gjennomført i vårsemesteret.



Figur 25: Tal på undervisningstimar per måned i 2016 og 2017



Tabell 9 viser tal på deltakarar på UB sine kurs per år i perioden 2014-2018. I 2018 var det i alt nesten 7 500 deltakarar på UB sine kurs. Det er ein auke på 5,4 % frå 2017.

Tabell 9: Tal på deltakarar

	2014	2015	2016	2017	2018
Grunnivå	1777	3308	3846	5456	4976
Avansert nivå	165	1452	1272	1638	2503
<b>Totalt</b>	<b>1942</b>	<b>4760</b>	<b>5118</b>	<b>7094</b>	<b>7479</b>

### 5.1.2 Nettkurs

UB tilbyr fleire nettbaserte opplæringsressursar. Vi skal her sjå nærare på to av dei.

#### iKomp

iKomp er eit nettbasert kurs i informasjonskompetanse, særleg kjeldebruk og læringsstrategiar. Tabell 10 viser bruken av iKomp dei siste tre åra.

Tabell 10: Bruk av iKomp 2016-2018

		2016	2017	2018
<b>Påmelde</b>	<b>Norsk</b>	1 623	2 151	2 298
	<b>Engelsk</b>	310	106	150
	<b>Totalt</b>	<b>1 933</b>	<b>2 257</b>	<b>2 448</b>
<b>Utskrivne kursbevis</b>	<b>Norsk</b>	1 173	1 384	1 462
	<b>Engelsk</b>	22	32	66
	<b>Totalt</b>	<b>1 195</b>	<b>1 416</b>	<b>1 528</b>

## Plagiat

Plagiat er eit nettbasert kurs i førebygging av plagiat. Kurset rettar søkjelyset mot metodar som kan hindra at studentar tyr til plagiat eller umedvite endar opp med å plagiera. Bruken av Plagiat i 2017 og 2018 er oppsummert i tabell 11. Plagiat blei flytta til ny plattform etter 2016, og vi manglar derfor samanliknbare tal frå tida før 2017.

Tabell 11: Bruk av Plagiat 2017 og 2018

		2017	2018
<b>Påmelde</b>	<b>Norsk</b>	104	102
	<b>Engelsk</b>	15	47
	<b>Totalt</b>	<b>119</b>	<b>149</b>
<b>Utskrivne kursbevis</b>	<b>Norsk</b>	38	38
	<b>Engelsk</b>	5	13
	<b>Totalt</b>	<b>43</b>	<b>51</b>

### 5.1.3 Result

Result (Ressurssenter for undervisning, læring og teknologi) Result er ei avdeling under UB som har særleg ansvar for å bistå UiT sine mange fagmiljø med utvikling av undervisnings- og læringskvalitet. Tabellane nedanfor viser statistikk over eit utval av aktivitetane til Result.

Tabell 12: Deltaking på kurs i regi av Universitetspedagogisk faggruppe

År	Program for pedagogisk basiskompetanse (mappeproduksjon via kurset/kursverksemd)	Forskingsrettledning*	Ph.d.-kurs	Seminarrekke om mappeskriving	Evaluerings av læring og undervisning*	Sum
2018	39	0	18	31		88
2017	37	0	19	17		73
2016	29	21	31	10	18	109
2015	32	23	32		9	96
2014	26	22	30			78
2013	27	26	24			77
2012	24					24
2011	12					12
2010	28	13				41
2009	4					4
2008	0	24				24
<b>Sum</b>	<b>258</b>	<b>129</b>	<b>154</b>	<b>58</b>	<b>27</b>	<b>626</b>

(\* Ny modell blei utvikla i 2018 og starta hausten 2018. Det blei teke opp 100 deltakarar på «Kurs i forskningsveiledning». Desse blir slutførte i 2019 og er derfor ikkje statistikkført her.)

I tillegg blei det i 2018 halde 22 workshopar i serien «Digitalisering og undervisning» med i alt 310 deltakarar.

Tabell 13 talfestar Result sitt arbeid med video- og filmproduksjon i 2018.

Tabell 13: Video- og filmproduksjon i 2018

	Oppdrag	Timar
Studioproduksjon	14	550
Konferanseproduksjon (film og strøyming)	14	114
Filming utanfor studio (læremiddel m.m.)	44	210
<b>Totalt</b>	<b>72</b>	<b>874</b>

## 5.2 Publisering og formidling

Tabell 14 viser publiserings- og formidlingsaktiviteten til UB-tilsette i perioden 2009-2018. UB hadde færre resultat i 2018 enn året før. Noko av denne nedgangen skuldast truleg at ein produktiv formidlar gjekk av med pensjon i slutten av 2016. Derimot har talet på tidsskriftspublikasjonar auka frå 2017 til 2018.

Tabell 14: Tal på publiserings- og formidlingsresultat 2009-2019

Kategori	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Bok	2	2	3	2	6	3	4	1	5	1
Del av bok/rapport	7	3	4	8	20	9	14	15	3	4
Føredrag	14	16	23	23	24	59	76	59	60	49
Informasjonsmateriale				1			2	5	2	
Kunstnerisk produksjon			1	1		3			1	1
Mediebidrag		1		2		7			1	1
Omsetjingsarbeid									1	
Produkt							4	2	1	
Rapport/avhandling	18	4	9	5	6		10	10	6	
Tidsskriftpublikasjon	10	12	15	21	20	31	19	21	18	24
Utstilling					2	1				1
<b>Totalt</b>	<b>51</b>	<b>38</b>	<b>55</b>	<b>63</b>	<b>78</b>	<b>113</b>	<b>129</b>	<b>113</b>	<b>98</b>	<b>81</b>

(Kjelde: Cristin)

## 5.3 Open vitskap («Open Science»)

UB skal vera ein nasjonal og internasjonal pådrivar i arbeidet for open vitskap (jf. Strategi for UB 2018-2022). Nedanfor talfestar vi noko av aktiviteten til UB på dette området.

### 5.3.1 Publiseringsfondet

UB forvaltar UiTs publiseringsfond, som gjev støtte til dekning av utgifter til forfattarbetaling i tidsskrift med open tilgang («Open Access»). Fondet blei etablert gjennom tildeling i Universitetsstyrets budsjettfordeling for 2011, som ei oppfølging av etableringa av UiTs OA-retningslinjer i oktober 2010. Tabell 15 viser kor mykje støtte fondet har gjeve i perioden 2011-2018, både i tal på publikasjonar og beløp i kroner.

Tabell 15: Utdelt støtte frå UiTs publiseringsfond

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Publikasjonar</b>	23	38	69	94	98	139	186	265
<b>Beløp</b>	157 079	325 517	737 095	1 233 457	1 453 306	2 275 497	2 900 852	4 688 414

### 5.3.2 Open Access

Open Access (OA) handlar om å gjera vitskapelege dokument ope og fritt tilgjengelege for alle. Gjennom forvaltinga av UiTs kunnskapsarkiv Munin (jf. 5.3.3), og UiTs OA-publiseringsløyising Septentrio (jf. 5.3.4) bidreg UB til at forskingspublikasjonar frå UiT blir gjorde ope tilgjengelege. Tabell 16 viser kor mange av UiTs vitskapelege publikasjonar som er ope tilgjengelege. Talet for artiklar totalt er DBHs tal på artiklar UiT er «med på». Gull-OA artiklar er her artiklar i tidsskrift som er opne. Total OA er tal på artiklar som er gjorde tilgjengelege i Munin, medan grøn OA er talet på artiklar i Munin som ikkje er gull-OA, altså artiklar i abonnementstidsskrift som vi har kunna gjera tilgjengelege.

Tabell 16: Utvikling av gull-, grøn og total OA for UiT 2009–2018

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Totalt tal på artiklar for UiT	992	059	194	285	284	361	533	637	1660	1819
Gull-OA-artiklar	79	84	131	216	209	277	315	379	400	573
Gull-OA i % av total OA	8,0 %	7,9 %	11,0 %	16,8 %	16,3 %	20,4 %	20,5 %	23,2 %	24,1 %	31,5 %
Total OA	87	113	253	316	343	463	530	625	1023	1180
Grøn OA (eigenarkivering)	8	29	122	100	134	186	215	246	623	607
Total OA-del	8,8 %	10,7 %	21,2 %	24,6 %	26,7 %	34,0 %	34,6 %	38,2 %	61,6 %	64,9 %
Grøn OA i %	0,8 %	2,7 %	10,2 %	7,8 %	10,4 %	13,7 %	14,0 %	15,0 %	37,5 %	33,4 %

Tabell 17 viser den totale OA-delen på dei ulike einingane på UiT.


Tabell 17: Total OA per fakultet i 2018

Eining	Publiserte artiklar	Artiklar i Munin	OA-del
Adm	3	1	33,3 %
Helsefak	821	506	61,6 %
NT-fak	363	266	73,3 %
HSL	250	147	58,8 %
BFE	312	217	69,6 %
Kunstfak	9	9	100,0 %
Jur.fak.	21	8	38,1 %
IVT-fak	58	45	77,6 %
TMU	43	30	69,8 %
UB	11	9	81,8 %
<b>UiT totalt</b>	<b>1891</b>	<b>1238</b>	<b>65,5 %</b>

### 5.3.3 Munin

UB forvaltar Munin, kunnskapsarkivet til UiT. Arkivet starta opp i 2006. Figur 26 viser bestandsutviklinga dei siste ti åra gruppert etter publikasjonstype.

Figur 26: Bestandsutvikling i Munin 2009-2018



I Munin blei det i 2018 registrert 1 934 064 sidevisningar (eksl. nedlastingar), 913 598 postvisningar og 3 127 428 filnedlastingar. Automatisk trafikk («bot-trafikk») er forsøkt halden utanfor – sjølv om vi ser ein del trafikk som neppe er menneskegenerert. Desse tala er difor nokså rettleiande.

### 5.3.4 Septentrio

UB forvaltar UiTs publiseringsteneste, Septentrio Academic Publishing (SAP), som gjev ut tidsskrift og seriar med tilknytning til UiT. Tabell 18 gjev eit oversyn over innhaldet i Septentrio.

Tabell 18: Tidsskrift/seriar i Septentrio Academic Publishing

Tidsskrift/serie	Telj- ande <sup>6</sup>	Felt	I DOAJ <sup>7</sup>	SAP- innhald frå
Borealis	1	Spansk lingvistikk	DOAJ Seal	2012
NAMMCO Scientific Publications	1	Nordatlantiske marine pattedyr	DOAJ Seal	1998
Nordisk tidsskrift for helseforskning	1	Helsefag	DOAJ Seal	2009
Nordlit	1	Litteratur- og kulturfag	DOAJ Seal	1997
Nordlyd	1	Lingvistikk	DOAJ Seal	2003

<sup>6</sup> 1 = teljande på nivå 1, «Nei» er seriar som ikkje er teljande i kanalregisteret.

<sup>7</sup> «DOAJ seal» tyder at serien har kvalifisert seg som eit OA-tidsskrift på høgt OA-teknisk nivå. Av åtte norske tidsskrift med denne godkjenninga er sju publisert via Septentrio. «Nei» gjeld seriar som ikkje kvalifiserer til opptak i DOAJ.

Poljarnyj vestnik	1	Slavistikk	DOAJ Seal	1998
Rangifer	1	Rein og reindrift	DOAJ Seal	1981
Sjuttonhundratal	1	Historie: 1700-tallet	Nei	2004
Aurorae Borealis Studia Classica	Nei	Historie: Vitskapshistorie	Nei	2016
Nordic Perspectives on Open Science	Nei	Open Science	Nei	2015
Ravnetrykk	Nei	Varia, humaniora	Nei	1997
Samisk senters skriftserie	Nei	Humaniora, samfunnsfag	Nei	2012
Septentrio Conference Series	Nei	Konferansepresentasjonar m.m.	Nei	2010
Septentrio Educational	Nei	Læremateriell m.m.	Nei	2001
Septentrio Reports	Nei	Rapporter, notata m.m.	Nei	2001

Tabell 19 viser tal på fulltekstnedlastingar frå Septentrio<sup>8</sup>.

Tabell 19: Fulltekstnedlastingar frå Septentrio 2013-2018


	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Rangifer	129 234	5 035	3 163	93 763	80 971	79 955
Nordlit	70 644	2 273	3 053	66 293	56 260	71 201
Nordisk tidsskrift for helseforskning	30 110	729	2 246	30 937	39 214	40 250
Nordlyd	41 464	1 470	1 163	22 777	21 776	23 185
Sjuttonhundratal	4 445	179	653	20 690	17 005	23 022
NAMMCO Scientific Publications	1 923	148	539	13 628	13 215	16 565
Borealis	2 604	79	507	9 133	13 311	16 250
Septentrio Conference Series			220	8 907	10 693	12 729
Poljarnyj vestnik	4 252	110	249	9 104	8 948	7 557
Ravnetrykk			11	202	291	3 873
Septentrio Reports			95	1 083	1 671	2 780
Nordic Perspectives on Open Science				812	887	1815
Septentrio Educational			28	981	1 217	920
Samisk senters skriftserie	817	18	26	775	591	755
Aurorae Borealis Studia Classica				49	223	300
<b>Totalt</b>	<b>285 493</b>	<b>10 041</b>	<b>11 953</b>	<b>279 134</b>	<b>266 273</b>	<b>301 157</b>

### 5.3.5 Munin-konferansen

Munin-konferansen er ein konferanseserie om vitskapleg publisering med fokus på open tilgang. UB har arrangert konferansen sidan 2006. Tabell 20 viser kor mange deltakarar konferansen har hatt dei siste ti åra.

<sup>8</sup> Tal på fulltekstnedlastingar er henta frå programvara for Septentrio. Tal for 2013 byggjer på eit eldre verktøy der automatiske nedlastingar (såkalla «bot»-trafikk) ikkje er godt eliminert slik at det er ei viss overrapportering. På grunn av feil i ei omlegging har vi for 2014 berre tal for delar av januar, for 2015 berre sporadiske tal, medan vi har gode tal for 2016 frå slutten av januar. 2016 er altså ikkje heilt komplett.

Tabell 20: Deltaking på Munin-konferansen 2009-2018



### 5.3.6 UiT Open Research Data

UB forvaltar UiTs arkiv for opne forskingsdata, UiT Open Research Data. Arkivering og deling av forskingsdata er eit nytt område for UH-institusjonar i Noreg, og UiT Open Research Data var ved lanseringa i 2015 det første institusjonelle forskingsdataarkivet i Noreg. Tabell 21 viser tal på publiserte datasett i UiT Open Research Data gruppert etter dei relativt store fagområdekategoriør som er nytta i arkivprogramvara.

Tabell 21: Publiserte datasett i UiT Open Research Data 2014-2018\*

Fagområde	2014	2015	2016	2017	2018	Totalt
Agricultural Sciences						0
Arts and Humanities	16	10	13	12	11	62
Business and Management			1		1	2
Chemistry				2	1	3
Computer and Information Science				1		1
Earth and Environmental Sciences			6	17	178	201
Mathematical Sciences					1	1
Medicine, Health and Life Sciences			7	16	3	26
Physics			1	3	93	97
Social Sciences			1	1	3	5
<b>Totalt</b>	<b>16</b>	<b>10</b>	<b>29</b>	<b>52</b>	<b>291</b>	<b>398</b>

(\* Tala for 2014 er frå the Tromsø Repository of Language and Linguistics (TROLLing), som no er ein del av UiT Open Research Data, men som blei lansert året før, i 2014.)